



Alver kommune, Plan og byggesak
Postboks 4
5906 FREKHAUG

Referanser:

Dykkar:

Vår: 20/15444 - 20/60832

Saksbehandlar:

Bente Kopperdal Hervik

bente.kopperdal.hervik@alver.kommune.no

Dato:

28.09.2020

Rivingssøknad - våningshus - GBNR 490/2 Hole - uttale frå kultur

Viser til førespurnad om uttale til rivingssøknad på våningshus på gbnr 490/2 Hole datert 10. september.

Det aktuelle bygget som er søkt rive er ei typisk lemstove for vårt distrikt. Bygget er plassert i verneklasse C i kulturminneplanen for Radøy kommune. I følgje Sefrak-registeret er den bygd ein gong på 1800-talet, medan det i Norske gardsbruk er oppgjeve at den er bygd i 1905. Det er grunn til å tru at byggjeår oppgjeve i Norske gardsbruk er korrekt, men at tømmeret i stova kan vera eldre enn 1905.

Tilstanden på bygget gjer at det vil vera svært kostnadskrevjande å setja det i stand slik det står no. Me vurderer at det foreslåtte tiltaket med å byggja oppatt bygget på dei gamle murane, ta vare på mest mogleg av dei gamle laftekassane og gjenbruk av takskiferen er ei god løysing.

Me viser til at det i kommuneplanen for Radøy står at kommunen kan gje løyve til å riva/fjerna kulturminne i verneklasse C på vilkår om at kulturminnet vert dokumentert. Bygget er sefrakregistrert og då vart også romdelinga dokumentert. Me ber om at bygget vert fotografert utvendig frå alle fire sider og at det vert tatt foto av tømmeret innvendig før riving. Foto må sendast til Alver kommune.

Med helsing
Alver kommune, Kultur

Bente Kopperdal Hervik
rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

Alver kommune, Plan og
byggesak

Postboks 4

5906

FREKHAUG